

*Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følgje prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.*

**Namn på skulen: U. Pihl videregående skole****Tal elevar skuleåret 2015/16: ca. 320****1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring****Skulen si vurdering i lys av:**

Andel fullført og bestått

Andel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Andel sluttarar

**1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)**

2014/15	83,5%
2015/16	80,7%

**1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)**

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	15,36%	5,71%
	2015/16	15,03%	9,48%
Standpunkt	2014/15	10,14%	3,26%
	2015/16	7,57%	7,89%
Eksamens	2014/15	9,58%	
	2015/16	5,2%	

**1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)**

2014/15	timar	17,5
	dagar	8,63
2015/16	timar	21,22
	dagar	10,65

**1.4 Andel sluttarar Avbrotsdato frå 1/10 (PULS)**

2014/15	1,8%
2015/16	1,5% reelle sluttarar

**1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17**

**Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?**

Når det gjeld fullført og bestått ser vi ei prosentvis negativ utvikling. Vi veit at vi inneverande skuleår har hatt fleire elevar som ikkje kjem på skulen grunna psykiske problem. Desse ønskjer ikkje å avbryte utdanninga.

Når det gjeld stryk og IV ser vi om lag 1% auke her.

Til eksamen ser vi betring på over 4%. I det tyngste programfaget, Kjemi 2, har skulen ein snittkarakter på 4,9 på skriftleg eksamen. Her kan vi måle oss med dei beste på landsbasis.

**Forsking viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen fra ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?**

Skulen kartlegg elevar frå ungdomsskulen svært tidleg på vg1. Det er kartlegging i matematikk og norsk.

21. juni 2016 var det eit konstituerande møte mellom rektorane på ungdomsskulane og dei vidaregåande skulane i Åsane. Vi tek siktet på å vidareutvikle samarbeidet for å sikre overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande skule. Vi har også sett på ein modell der elevar i ungdomsskulen kan ta matematikk på vidaregåande skule.

**Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?**

Skulen ser ein samanheng mellom psykiske lidingar og sluttarar. Den største utfordringa er at elevane treng terapi/behandling og at ventetida her ofte er lang.

**Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?**

Frå skulestart 2016 byrjar vi med VIP-programmet for å ta tak i problemstillingar knytt til elevane sitt psykososiale miljø.

## 2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16

### 2.1 Vurdering for læring

#### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat fra Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

#### 2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:

**Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:**

Vi arbeider med å få til ei felles forståing for kva som ligg i «vurdering for læring». Dei fleste lærarane har rett forståing av «vurdering for læring». Dei som ikkje gjer det, arbeider vi med.

#### 2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»

**Utfordringar:**

Å få til gode planar for formelle vurderingssituasjonar og få desse fordelte på skuleåret slik at elevane få ei best mogleg arbeidsfordeling.

## 2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

#### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat fra Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

#### 2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

**Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:**

IKT er eit godt hjelpemiddel til skrivearbeid, eit framifrå eksamensverktøy og oppslagsverktøy. NDLA er i bruk i einskilde fag.

#### 2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

**Utfordringar:**

Den store utfordringa er å finne gode rutinar slik at bruk av t.d. sosiale medium ikkje trekker merksemda bort frå læringsarbeidet.

## 2.3 Klasseleiing

#### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat fra Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og

kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

## 2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

*Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:*

Klasseleiing er eit prioritert område på U. Pihl vgs. Stikkord er «firkantmøte» og «kontaktlærarmøte» på trinn. Tett oppfølging av kontaktlærarane har gjeve godt resultat i elevundersøkinga.

## 2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

*Utfordringar:*

Elevmedverknad er eit nøkkelord. Gjennom systematisk arbeid som nemnt over og samarbeid med dei tillitsvalde trur vi at vi vil lukkast.

## 3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

### 3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket

Innføring av kontaktlærarmøte trinnvis. Erfaringsutveksling og regelmessige møte styrker kontaktlærarrolla og klassemiljøet.

### 3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

Vi har sett at dei ulike kontaktlærarane har hatt behov for eit forum der ein kan drøfte felles utfordringar.

### 3.3 Korleis har leiinga følgt opp tiltaket gjennom året?

Det er lagt opp til to møter i året i tillegg til firkantmøte. På slutten av året har orden og åferd vorte diskutert.

### 3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

Vi ser utslag på elevundersøkinga i dei klassane der dette har vore vellukka.

### 3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

Ja, denne modellen vil vi vidareføre.

## 4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

### **4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?**

Vi har hatt gruppearbeid med oppgåver knytt til tiltaka som er iverksett. Det er gitt skriftlege innspeil til leiinga frå gruppearbeidet.

### **4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?**

Vi har teke tilbakemeldingane på alvor og jobba vidare ut frå dei svara vi har fått.

### **4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?**

Vi organiserar arbeidet i grupper som skal levere konklusjonar skriftleg til avd. leiar.

### **4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?**

Elevane er med gjennom eit godt samarbeid mellom elevrådsstyret og leiinga.  
Elevinspektøren gjør eit framifrå arbeid her.

### **4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?**

Å finne nok fellestid.

## 5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare

### **5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?**

Medverknad frå personalet og elevane.